



Bidragsordninga (folketrygdlova § 5-22)

Dette er ei refusjonsordning for pasientar med store utgifter til visse helsetenester. Det blir i utgangspunktet berre gitt stønad til formål som er omtalt i [rundskrivet til § 5-22](#). Ordninga omfattar meir enn legemiddel og medisinsk forbruksmateriell, men det er berre dette som blir omtalt i dette skrivet. Frå 2018 er legemiddel som bidragsformål avvikla, sjå side 2.

Pasienten må ha resept på legemiddel og forbruksmateriell, samt legeerklæring i dei tilfelle det er aktuelt. Pasienten må som hovudregel betale fullt ut på apoteket eller hos bandasjist, kvitteringer og eventuelt kopi av legeerklæringa må sendast Helfo for å få refundert utgiftene. Bidragsordninga refunderer 90 % av utgiftene som overstig 2010,- per kalenderår.

Forbruksmateriell

(eit utdrag, for full oversikt [sjå rundskrivet til Bidragsordninga § 5-22](#))

Administrasjons- og måleutstyr for å kunne bruke legemiddel

Utgifter til slikt utstyr som er nødvendig for å kunne bruke legemiddel, blei tidlegare dekkja delvis eller fullt ut til pasientar over bidragsordninga. Dette blir no dekkja på blå resept, § 5 punkt 14. Utstyr til parenteral og enteral ernæring, samt epidural og subkutan behandling (butterfly og subkutan infusjonskanyle) med legemiddel blir ikkje dekkja på blå resept. Dette er helseføretaka sitt ansvar, [sjå meir her](#).

Kroniske og alvorlege sår og fistlar

Det blir ytt bidrag til nødvendige utgifter til bandasjemateriell og medisinsk forbruksmateriell samt reseptfrie legemiddel til bruk i behandlinga av kroniske og alvorlege sår og fistlar, t. d. kreftsår og liggesår. Det er eit vilkår at behovet for dette utstyret varer i minst tre månader i løpet av eit år, og at utstyret er kjøpt på apotek eller hos bandasjist. Lege må godtgjere behovet ved oppstart og deretter kvart 3. år. [Legen må skrive erklæring / fylle ut søknadsskjema for utstyret](#).

Det er berre pasientar som utfører sårstellet sjølv som har rett på bidrag. Dersom det er kommunen som helseteneste i heimen som utfører sårstellet, skal kommunen dekke utgiftene til materiellet.

Forbruksmateriell til andre tilstandar

Andre formål som blir dekkja av bidragsordninga er blant anna forbruksmateriell ved cystisk fibrose og alvorlege hudlidningar. Forbruksmateriell til behandling av epidermolysis bullosa blir no dekkja på blå resept § 5, punkt 13. For fleire detaljar, [sjå rundskrivet til bidragsordninga](#).



Legemiddel

Frå og med 1. januar 2018 er legemiddel som bidragsformål avvikla for nye brukarar, men det er innført ei overgangsordning som også er gjeldande for 2022. Det blir gitt bidrag der den enkelte har hatt samanhengande utgifter til dei same legemidla kvart år sidan 2017. I rundskrivet er «same legemiddel» definert slik: marknadsført legemiddel med same virkestoff, same legemiddelform og same reseptgruppe.

Pasientane må framleis sjølv fylle ut [søknad til Helfo](#) for å få refundert utgiftene. Søknadsskjema kna sendast inn digitalt, via innlogging på www.helsenorge.no (meir informasjon [her](#)). Saman med søknaden må det leggjast ved kvittering eller pasientliste frå apotek med opplysningar om pasientnamn, preparat, pris, dato, legens namn og kvitteringa/lista skal vere stempla av apoteket.

Legemiddel som går på blå resept er ikkje omfatta av bidragsordninga. Det blir heller ikkje ytt bidrag til legemiddel som helseføretaka har finansieringsansvar for, dette er omtalt i [Forskrift om helseforetaksfinansierte reseptlegemidler til bruk utenfor sykehus](#).

Bidrag ved **kreft/immunsvikt**:

Dette bidragsområdet er også avvikla for nye brukarar, frå 2018, sjå over.

Etter søknad frå lege kan det bli ytt bidrag til jern-, kalium- og magnesiumpreparat, samt vitaminpreparat (med innhald av berre eitt verkestoff). Legen må grunngi kvifor pasienten skal bruke dei nemnde preparata, det må sendast ny søknad kvar 2. år. Preparata treng ikkje vere kjøpt på resept. Det er eit krav at den enkelte har hatt samanhengande utgifter kvart år sidan 2017 for å få dekka utgifter i 2022.

Bidragsordninga for legemiddel inkluderer framleis bidrag til infertilitetsbehandling og prevensjonsmiddel (16-22 år).

Oppdatert august 2022.